



Notat

Til: Margrethe Høyland

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk drift/Rune Kilen

Vår referanse: 15/165 - 3 / FA - Q80

Dato: 02.02.2015

Emne: Svar på forespurnad om status og framdriftsplan for trafikksikring Knarvik - sak RMNF - 018/14

Teknisk drift viser til muntleg info på møte 10.11.2014.

1) **Overgang Knarvik barneskule – parkeringshus Knarvik senter:**

Den sikrast plasseringa av eit gangfelt er på nordsida av krysset ved utkøyringa til parkeringshuset. Teknisk drift vil råde til å leggje dette som eit heva gangfelt evt i kombinasjon med fokusert Led belysning. Utfordringa er korleis ein lei ar dei mjuke trafikantane frå parkeringshuset og til dette gangfeltet. Gangbrua som i dag ligg på sørsida køyrebrua skaper ein situasjon som gjer at fotgjengarane vert leda ut må krysse vegen på eit farleg punkt.



Teknisk meiner det vil la seg gjere å byggje ein lettkonstruksjon med sjøldrenerande dekke for fotgjengarane på nordsida av køyrebrua, men då må vi gjere inngrep i den private bygningskonstruksjonen til Knarvik senter. (betongsage ny utgang + montering av ståldragere og dekke nord på utsida av brua). Sjå bilete til venstre.

Tiltak: Teknisk drift vil måtte drøfte dette med Byggesaksavdelinga siden dette tiltaket involverer eier av Knarvik senter. Viss vi får ein konstruktiv løysing med huseigar vil vi kunne

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03


Konto 1503 22 54567
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



ta dette tiltaket med i årets rullering av Trafikksikringsplanen for Lindås kommune. Rulleringa er politisk forankra og prioriteringane vert gjort i samband med revisjon av denne planen.

2) Krysset ved gamle turistinformasjonen



Ein innstamping av krysset og eit heva gangfelt for vil gjere det mykje betre for både fotgjengarar og ikkje minst syklistane å kome seg fram. I dag mangler ein øst-vest kobling av gang- og sykkelveg systemet i Knarvik sentrum og ei god løysinga av denne forbindelsen er nykelen til eit vellukka samanhengande gang- og sykkelvegnett for Knarvik og omegn og vil gjere det lett for

gåande og sykkel å ta seg fram.

Framkjømda for dei mjuke trafikantane må i alle høve vurderast opp mot trafikktryggleiken i dette svært trafikkert kryssområdet, slik at ein unngår ulykkesauke. Dessutan er dette eit av dei fyrste tiltaksområda i den nye Knarvikplanen. Eit mellombels tiltak her vil måtte vurderast både i høve til investeringskostnadar og når dei starter arbeida med «nye Knarvik».

Tiltak: Teknisk drift vil engasjere ein trafikkfagleg konsulent for å sjå på korleis krysset kan utformast med tanke på svingebevegelsar) på større køyretøy og trygg overgang for dei mjuke trafikantane, og kome med eit overslag over kva dette vil koste. Skulle dette vere spiseleg med omsyn til at dette vert eit midlertidig tiltak vil vi fremja dette som eit tiltak i rulleringa av Trafikksikringsplanen.